



Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/2336-

13. september 2024

Dokument 8:157 S (2023-2024) - Representantforslag frå stortingsrepresentantene Grunde Almeland, Guri Melby, Abid Raja og Ingvild Wetrhus Thorsvik om å løfte fleire barn ut av fattigdom

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen om forslag for å løfte fleire barn ut av fattigdom. For å svare på forslaget har Barne- og familiedepartementet innhenta innspel frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Forslaget frå stortingsrepresentantane Almeland, Melby, Raja og Wetrhus Thorsvik lyder:

- 1. Stortinget ber regjeringen med utgangspunkt i anbefalingene fra Ekspertgruppen om barn i fattige familier komme tilbake til Stortinget med forslag til modeller for å kraftig øke og skattlegge barnetrygden (avvist etter Stortingets forretningsorden §39 annet ledd bokstav e)).*
- 2. Stortinget ber regjeringen legge fram en forpliktende plan for Stortinget som tar sikte på at alle barn skal få tilbud om barnehageplass rett etter endt foreldrepermisjon, uansett barnets alder (avvist etter Stortingets forretningsorden §39 annet ledd bokstav e)).*
- 3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å avvikle kontantstøtten og erstatte denne med en ventestøtte for de som venter på å få tildelt barnehageplass.*
- 4. Stortinget ber regjeringen sørge for at barneperspektivet i Nav forsterkes ytterligere ved å fremme forslag om en ny bestemmelse om barnets beste i sosialtjenesteloven.*
- 5. Stortinget ber regjeringen åpne for forsøk med felles utbetalingsdato for stønader fra Nav med formål om å gi husholdninger større økonomisk forutsigbarhet.*

At barn veks opp i fattigdom er ei samfunnsutfordring som kan gi betydelege kostnader både for den einkilde og for samfunnet. Talet på barn i fattige familiar har auka over tid, og den sosiale mobiliteten blant barn og unge synast svekka. I 2023 blei det derfor sett ned ei

ekspertgruppe for å vurdere målretta tiltak for å styrkje oppvekstvilkåra for barn i fattige familiar og førebyggje at fattigdom går i arv.

Ekspertgruppa om barn i fattige familiar (Rege-gruppa) leverte rapporten «En barndom for livet» i oktober 2023. I februar 2024 leverte ei anna ekspertgruppe (Løken-gruppa) ein rapport om sosial utjamning og sosial mobilitet i barnehage og skule. Begge rapportane har vore på offentleg høyring. Fem statsrådar arbeider no med ei felles melding til Stortinget om sosial utjamning og sosial mobilitet blant barn og unge, som skal leggjast fram våren 2025. Meldinga skal følgje opp dei to ekspertgrupperapportane.

Regjeringa har allereie prioritert er rekkje tiltak for å redusere fattigdom blant barnefamiljar. Vi har auka barnetrygda og styrkt tenestetilbodet for barn og unge ved å prioritere rimelegare barnehage og gratis deltids plass i SFO. Vi har også løyvd meir pengar til rimelegare eller gratis aktivitetstilbod gjennom ordninga Tilskot til å inkludere barn og unge, og vi har styrkt områdesatsingane i levekårsutsette område. Heilårseffekten av desse prioriteringane utgjør ein auke på om lag 17,6 milliardar kroner.

Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å avvikle kontantstøtta og erstatte denne med ei ventestøtte for dei som ventar på å få tildelt barnehageplass

Regjeringa har fått støtte frå Stortinget om å vidareføre, men endre kontantstøtteordninga. Frå 1. august 2024 blei kontantstøtteperioden redusert frå elleve til sju månader. Med denne lovendinga vil familiarne ha rett til enten barnehageplass eller kontantstøtte.

Reduksjonen i kontantstøtteperioden inneber at retten til kontantstøtte gjeld frå og med månaden barnet fyller 13 månader til og med månaden barnet fyller 19 månader. Forslaget om endringar i kontantstøtteordninga følgjer opp Hurdalsplattforma, der det står at regjeringa vil:

- Oppretthalde dagens kontantstøtteordning for barn mellom 12 og 18 månader.
- Avvikle kontantstøtteordninga for barn mellom 18 og 24 månader. Ordninga skal erstattast med ei småbarnsstøtte for dei som har søkt om, men ikkje fått, barnehageplass.

Behovet for å sjølv kunne velje å ha omsorg for eigne barn er større jo yngre barna er. Det er også viktig for familiarne og for arbeidsgivar at ordningane er føreseielege. Når familiar søker om barnehage utanom hovudopptaket, vet ein ikkje på førehand når og om ein får plass. Småbarnsstøtta var tenkt å vere ei ventestøtte for dei som har søkt om, men ikkje fått plass i barnehage når barnet var over 18 månader. Punkta i plattformen blei utgreidd, og det vart konkludert med at det var eit avgrensa behov for å etablere ei ny ordning i form av ei småbarnsstøtte. Bakgrunnen var mellom anna at alle barn har tilgang på barnehage seinast når dei er 20 månader. Regjeringa vurderte det derfor som ei betre løysing å berre gjere endringar i kontantstøtta og ikkje etablere ei ny ordning.

Stortinget ber regjeringa sørgje for at barneperspektivet i Nav blir forsterka ytterlegare ved å fremje forslag om ei ny føresegn om barnets beste i sosialtenestelova

Mange barn som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt er i kontakt med og får stønader frå NAV. Eg er einig med representantane i at det er viktig at arbeids- og velferdsforvaltninga varetar det beste for barnet når barnefamiliar mottok økonomisk stønad og andre sosiale tenester.

Nav er ein viktig del av tryggingsnettet i velferdsstaten, og Nav-kontora samarbeider med stat og kommune om å tilby éi dør inn til dei offentlege arbeids- og velferdstenestene. Barnets beste skal vere eit moment i alle vurderingar Nav gjer som direkte eller indirekte har innverknad på barn, og for å underbygge det heilskaplege og samordna arbeidet i Nav.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har i tildelingsbrevet til Arbeids- og velferdsdirektoratet bedt direktoratet arbeide for å vareta og styrkje barneperspektivet i arbeids- og velferdsforvaltninga. 19. mars 2024 lanserte Arbeids- og velferdsdirektoratet «Barnets beste – en veileder for deg som jobber i NAV». Rettleiaren tar utgangspunkt i barn sine rettar i FNs Barnekonvensjon. Målet er at barnets beste skal vere eit moment i alle vurderingane Nav gjer som gjeld barn.

Rege-gruppa har føreslått ei ny føresegn i sosialtenestelova om at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved avgjerder om ytingar til barnefamiliar. Ekspertgruppa meiner ei slik lovendring kan gi ei auka forståing for barn sine rettar i arbeids- og velferdsforvaltninga og medverke til at det i større grad blir teke omsyn til barn sine behov ved vurdering av oppfølging og utmåling av stønader.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet greier no ut forslaget frå ekspertgruppa. Eg og arbeids- og inkluderingsministeren vil i stortingsmeldinga om sosial utjamning og sosial mobilitet blant barn og unge kome tilbake til forslaget om ei ny føresegn om barnets beste i sosialtenestelova.

Stortinget ber regjeringa opne for forsøk med felles utbetalingsdato for stønader frå Nav med føremål om å gi hushald større økonomisk føreseielegheit

Forslagsstillarane peikar på at mange brukarar opplever økonomisk utryggleik som følgje av manglande føreseielegheit og lite forståeleg utbetalingsinformasjon. Dette er særleg vanskeleg for brukarar som mottok fleire ytingar frå Arbeids- og velferdsetaten i løpet av ein månad og gjer det vanskeleg å planleggje eigen økonomi.

Statlege ytingar har ulikt utbetalingsmønster og -frekvens. Brukarar med fleire ytingar kan i ytste konsekvens oppleve å få mange utbetalingar i månaden. Nokre ytingar har fast utbetalingsdato og blir utbetalt ein gong per månad, mens andre ytingar blir utbetalte kvar 14. dag og med varierende dato. I tillegg mottok ein stor del brukarar med samansette behov også sosialhjelp som supplement til andre ytingar.

Behovet for å harmonisere utbetalingane frå Arbeids- og velferdsetaten for å gi brukarane faste utbetalingsdagar og lett forståeleg informasjon om ytingane, blir peika på frå fleire brukarar, kommunar og Nav-kontor dei siste åra. Arbeids- og inkluderingsdepartementet,

som har ansvar for etatsstyringa av Arbeids- og velferdsdirektoratet, erkjenner at dette er ei problemstilling det er verdt å ta tak i.

Det er fleire pågåande prosjekt som greier ut moglegheiter for eit enklare Nav for brukarar og tilsette. Desse prosjekta har som mål å forenkle kvardagen for dei som har samansette behov og mottok fleire ytingar frå Arbeids- og velferdsetaten.

Meir omfattande endringar er i utbetalingstidspunkt avhengig av ei grunnleggjande modernisering av utbetalingssystema i Arbeids- og velferdsetaten. Fleire komponentar i dei eksisterande utbetalingsløysingane køyrer på svært gammal teknologi som gjer det krevjande og risikabelt å svare på større endringsbehov.

Arbeids- og velferdsdirektoratet fekk i 2023 i oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet å greie ut modernisering av utbetalingsområdet. Omfanget av oppdraget er så omfattande at det må greiast ut etter staten sin prosjektmodell før ein kan ta ei avgjerd om oppstart og systemutvikling. Arbeids- og velferdsdirektoratet leverte ei konseptvalutgreiing (KVU) til ekstern kvalitetssikring (KS1) i mai 2024.

Med helsing



Kjersti Toppe

Brevet er godkjent elektronisk